

Referat frå styremøte 2-2026

Dato: Tysdag 7. april 2026 Tid: 10 - 12

Stad: Førdehuset, kjellaren kursrom B

Til stades Jorunn Skogen, Bjørg Ladehaug, Ingunn Ramstad, Reidun Naustdal

Ikkje til stades Kjell Olav Slotterøy.

Opning av møtet

Rett før påske blei det avtala eit såkalla «overføringsmøte» til nytt styre frå avgått styre i Senionett Førde. Innkalling sendt 30. mars.

Til stades var difor også: frå avgått styre leiar Knut Johan Mikkelsen og
forretningsfører / kasserar Kurt Grønli.

Knut og Kurt ville orientere og hjelpe konkret med nødvendige formalitetar ved
Brønnøysundregistrering av nytt styre, avtale nærare kontakt med ny kassear for å
ajourføre avtale med lokal bank, samt bistå med å varsle Seniornett Norge straks
konstitueringa var gjort. Alt dette blei gjort.

Sak 3 / 2026 Konstituering

Styret har gjort følgande vedtak:

Leiar: Jorunn Skogen

Nestleiar: Bjørg Ladehaug

Kasserar / forretningsfører: Ingunn Ramstad

Varamedlemmer: Reidun Naustdal og Kjell Olav Slotterøy

Referent: Jorunn Skogen